

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Onsdag 13.03.19 kl 15 – kl 19.30 på Radisson Blu Hotel i Bodø
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bjørn-Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim og Svein Inge Jakobsen
Forfall: Birgitte Rørvik-Bruun
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 13.03.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Oppsummering frå kretsmøta, og saker for vidare oppfølging Brit Kari gjekk gjennom oppsummeringa, og oppfølgingsrapporten vart vist. Vedtaket frå dei fleste kretsane om regional mat vert lagt fram for vedtak i RU-møtet. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
2	Førebuing av RU-møtet Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen og tidsskjema og opplegg vart drøfta. Innkomne saker til open post vert orientert om i RU-møtet: <ul style="list-style-type: none">• Sak frå Morten Fredriksen med innspel til jordbruksforhandlingane om flytting av teljedato for sau. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
3	Arbeidet i AU Følgjande vart diskutert: <ul style="list-style-type: none">• Oppfølging av kretsane• Tilf møter med kretsleiarane• Informasjon frå fagutvala <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">• Tilf møter med kretsleiarane i januar før kretsmøta og før det fysiske AU-møtet i august, dvs i alt 2 møter.• Ein frå kvar krets, i fyrste rekke kretsleiar.• Gjerne fleire kretsar i lag enn denne gangen. <u>Orientering frå fagutvala:</u> <ul style="list-style-type: none">• Fagutval storfe: Ny klassifiseringsmetode gått gjennom, sjåast på limousin. Vurdering av marknadssituasjonen.• Fagutval egg: Fleire møter knytt til eggavtale Coop og Rema.• Fagutval småfe: Lagersituasjon sau og lam, prishnivå og prisløype lam, teljedato og kvalitetstilskot, kløyving av vaksen sau.• Fagutval gris: Høyring av konsesjonsregelverk, purkeslakting Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
4	Orientering om Medlem og Drift region Nord Svein Inge orienterte om tilførselar og arbeidet med framtidens inntransport. Vidare om	

status Vegagris som skal tilbydast PROFF-marknaden, volumauke Polarlam og volumreduksjon Thulefjord. Sal av sau på medlemskjøp. Medlemsbutikkane.

Spørsmål/kommentarar:

- Diskusjon om strategi for volumauke for Thulefjord

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

5 Førebuing av saker til årsmøtet 9. – 10. april

Det vert årsmøtestart 09.04 med lunsj kl 11.30. Møte før årsmøtet kl 10 – kl 11.30?

Innspel:

- Ynskjeleg med møte før årsmøtet kl 10 – kl 11.30.
- Spørsmål om mogelegheit for overnatting før årsmøtet
- Diskusjon om valet

Vedtak: AU ynskjer møte før årsmøtet kl 10 – kl 11.30 tysdag 9. april.

6 Oppsummering etter fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukarlag

- 20. – 21.02: Finnmark Bondelag årsmøte v/Svein: Diskusjon om samanlåing av Finnmark og Troms BL, innspel på toll og importvern, rovdyr, finansiering av nye bruk, ny leiar Lise Skreddernes
- 12. -13.03: Troms Bondelag årsmøte v/Svein: Diskusjon om samanlåing av Finnmark og Troms BL, m.m.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

7 Eventuelt
